


Onsdag 25 nov.  
Kl. 18.00

Bykle samfunnshus

## Kultur og tømakafé



Bykle frivilligsentral  
Kultur & Fritid

### Program

Vi inviterer gjester til samtale og refleksjon rundt kveldens tema:

«Sorg og glede i mørketida»

Opent for å stille spørsmål til panelet.

Musikalsk innslag ved musikk lærer i Bykle  
Therese Gabrielsen

### Meny

Sal av fiskesuppe og kling frå Signe Bitubekk

Arrangementet er eit samarbeid mellom  
Frivilligsentralen, Kultur & fritid og prost-diakon Per Emanuelson

Påmelding til :  
samfunnshuset@bykle.kommune.no

Velkommen – gratis inngang!

### NORMISJON JOLELOTTERI 2020

Grunna situasjonen med Covid-19 vert det inga ordinær jolemesse i år. Men ynskjer du å støtte Normisjon sitt arbeid kan du gjere det ved å kaufe lodd i vårt flotte lotteri eller tinge deg god heimsteikt kranssekake!

#### GEVINSTLISTE, kr. 10,- pr. lodd

- 1) Dalebukse m. skjorte str. 4-6 år
- 2) Kvittstakk m. skjorte str. 4-6 år
- 3) Setesdalskofte m. sylv str. XL
- 4) Espesgård Bålpanne
- 5) Gåvekort Valle Sport kr. 1000,-
- 6) Gåvekort Prix Bykle kr. 1000,-
- 7) Stavmixar
- 8) Gåvekort Bergtun kr. 600
- 9) Snowracer
- 10) Knivsett
- 11) Gåvekort Hasla kr. 500
- 12) Toastjern
- 13) Stor teddybjørn



Bøker vert å finne på

Prix Hylestad, Prix Valle, Joker Valle, Prix Bykle.

Betal gjerne med Vipps til nr. 629577. Det er også mogleg å betale med kontantar.

Kranssekake, kr. 300, kan tingast på tlf. 97662539

Trekking, samt utlevering av gevinstar og kranssekaker, vert i kyrkjestoga 28.nov. frå kl. 16.00

Alle vinnarar vert kontakta på tlf..

Arr.: Normisjon i Hylestad, Valle og Bykle / Fjellblomen og Regnbogen



### DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad

[www.valle.kyrkja.no](http://www.valle.kyrkja.no) / [www.bykle.kyrkja.no](http://www.bykle.kyrkja.no)

Det er mykje som skjer i Valle og Bykle kyrkjene  
Sjå kalenderen på nettsidane for meir informasjon



### Gudstenester i Bykle

| Stad         | Tid                      | Detaljar                                    |
|--------------|--------------------------|---------------------------------------------|
| Bykle kyrkje | 01. november<br>kl 11.00 | Gudsteneste,<br>Diakoniens dag              |
| Bykle kyrkje | 15. november<br>kl 11.00 | Gudsteneste med<br>konfirmantpresentasjon   |
| Bykle kyrkje | 29. november<br>kl 11:00 | Gudsteneste                                 |
| Bykle kyrkje | 06. desember<br>kl 16.00 | Ljosmesse og konsert<br>med lokale utøvarar |

### Julekonsert med Operamania i Valle kyrkje

Tirsdag 1. desember kl. 19.00

Billetter 300 kr. Arr. Operamania

### Julekonsert med Inger Lise Stulien i Bykle kyrkje

Sundag 13. desember kl. 17.00

Billetter 200 kr. / gratis under 18 år

Arr. Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad

### Disippelfokus

Normisjon skal ha møte i kyrkjekjeddaren i Bykle kyrkje  
onsdag 25 og torsdag 26. november kl 19.00.

Arne Inge Vålandsmyr underviser



### Bygdekinoen

For meir informasjon: [www.bygdekinoen.no](http://www.bygdekinoen.no)

### Hovden grendehus:

Tysdag 10. november

Kl. 17:30: Jul på Kutoppen

Kl. 19:30 : Gledelig Jul

### Bykle samfunnshus:

Laurdag 21. november

Kl. 17:30 - Jul på Kutoppen

Kl. 19:30 - Gledelig Jul



Følg Bykle kommune på

facebook

# Byklaren

eit informasjonsblad frå Bykle kommune

November 2020 | 31. ÅRGANG | OPPLAG 520

### Pepperkakefjellby på Hovden grendehus

Desember og jula nærmer seg på så altfor raske føter.

Hovden grendehus vil gjerne ha ei utstilling med heimelaga pepperkakehus i år som i fjor. Vi treng store hus og små hus, stabbur og fjell, bilar, folk og dyr.

Kva med å lage ein liten kopi av huset du bur i ?

Vi vonar at flest mogleg tek utfordringa og kjem med sine bidrag.

Hugs det er lov å vera kreativ og at eit pepperkakehus ikkje kan få for mykje pynt på seg.

Vi vil gjerne ha byggverket montert på ei papp-plate, gjerne med eit hol under slik at vi kan prøva å få lagt inn litt ljøs.

**Frist for innlevering av pepperkakebidraget ditt er sett til tirsdag 1. desember.**

Utstillinga skal stå klar til Lørsdag Ope grendehus  
5. desember

Helsing Kultur og fritid

Utstillinga frå 2019 —>

## JULE - KICK OFF!!

Fredag 27. november. Hovden grendehus.

4 - 6 trinn kl 17-19.00

7 - 10 trinn. kl 19-22.00

Siden det i år ikkje blir så mange juleavslutningar, lagar vi i staden ein jule-kick off for dei unge. Meir info kjem seinare, men hold av datoen for dykk det gjeld.



### Verkstad for born og unge.

Laurdag 7. november kl. 11-1430 Hovden grendehus.

Bli med og utforske lydar vi kan lage med heilt vanlege ting. Vi skal bygge instrumentar med plankebitar, skruar, grillpinnar, stakefjær, ballongar, sugerør og mykje meir. På denne verkstaden får alle lage ein kalimba og ei fløyte, alt vi bruker er ting barna heilt sikkert også kan finne heime.

Arne Kjelsrud Mathisen er instruktør.

Alder ca. 3-15 år. Dei yngste, 3-5 år kan delta i følgje med vaksen.


Alle er sjølvstøtt velkomne!

Det vert sett opp grupper på 5 og 5 som deltek i 30 min. kvar. Ein melder seg på i resepsjonen enten i forkant eller same dag.

Ny gruppe kvar halvtime frå kl. 11.

Alt av utstyr får ein tildelt når ein kjem. Tilbodet er GRATIS.

Arrangør: Bykle Folkebibliotek, Kultur og fritid.







# Informasjon frå Bykle kommune

[www.bykle.kommune.no](http://www.bykle.kommune.no)

## Byklaren

Byklaren er eit kommunalt informasjonsblad. Vi tek med kunngjering om arrangement og aktivitetar i regi av lokale lag og organisasjonar. Kommersielle hendingar i kommunen kan få ei redaksjonell omtale.

Dei neste utgåven av Byklaren kjem ut som følgjer:

Desember (Frist 15/11), Januar (Frist 15/12)

Send tekst og bilete til: [byklaren@bykle.kommune.no](mailto:byklaren@bykle.kommune.no)

## Influensavaksina kjem i veke 44/ 45.

Bestill tid på legekantoret for vaksining

I år er det dei som er i risikogrupper som er prioriterte i første omgang.

Viser til Folkehelseinstituttets anbefaling:  
«Ikke gi vaksine til friske som ikke har en indikasjon»

### Risikogrupper:

- Gravide etter 12. svangerskapsuke (2. og 3. trimester). Gravide i 1. trimester med annen tilleggssisiko skal også få tilbud om influensavaksine.
- Beboere i omsorgsboliger og sykehjem
- Alle fra fylte 65 år
- Barn og voksne med:
  - diabetes type 1 og 2
  - kronisk lungesykdom, hjerte- og karsykdom, leversvikt eller nyresvikt
  - kronisk nevrologisk sykdom eller skade
  - nedsatt immunforsvar som følge av sykdom eller behandling av sykdom (f.eks. kreft, HIV, reumatoid artritt og andre sykdommer)
  - svært alvorlig fedme (KMI over 40)
  - annen alvorlig og/eller kronisk sykdom der influensa utgjør en alvorlig helserisiko, etter individuell vurdering av legehelsepersonell som
  - har pasientkontakt
  - personer som bor sammen med immunsupprimerte
  - svinerøktere og andre som har regelmessig kontakt med levende griser

Pris: personer i risikogrupper: 50kr i egenandel.  
(ingen betaling hvis du har frikort)

Andre: egenandel 58 kr + 150 kr for vaksina



Bykle kommune  
BYKLE SER LANGT

## Meiropent Bibliotek

Meiropent bibliotek er i gang igjen på biblioteket i Bykle. Dei som har avtale kan bruke biblioteket utanom opningstid alle dagar mellom kl. 7 og 23. Dei som ikkje har avtale kan gjerne kome innom for å inngå ein avtale (aldersgrense 16 år)

## Politisk møteplan for november

Planutvalet: 2.november

Levekårsutvalet: 3. november

Formannskapet: 9. november (Budsjettmøte)

Kommunestyret: 26. november (Budsjettmøte)

Sakspapirane vert lagt ut i 'Innsyn' på heimesidane ei veke før møtane.

Kommunestyremøtet vert send på radio FM og web via heimesida og Valle radio

Formannskapetets tilråding til budsjett for 2021 vert lagt ut til offentlig ettersyn på rådhuset og heimesida

## LaurdagsOpe

7. November

Kl 10-15

- Opent bibliotek, bordtennis og biljard
- Kl 11-1430 Verkstad for born. Vi lagar fløyte og kalimba.



Bykle kommune  
Kultur & Fritid

Velkommen!

Sarvsvegen 4754

Bykle

Mån - fre: 09:00 - 14:00

T: 37 93 85 00

E: [postmottak@bykle.kommune.no](mailto:postmottak@bykle.kommune.no)

## Tømekalender

Restavfall: 18.09

Matavfall: 04.11, 18.11

Glas/metall, papir og plast: 04.11

Gjenvinningsstasjonen på Tykkås har ope:

- Kvar torsdag: 12:30 - 18:30


- Den 1. laurdagen i kvar månad frå kl. 09:00 til 15:00.

## Møt Ninjana - Setesdals eigen ninja!

Ho er tilsynelatande ei vanleg jente som lever eit tilsynelatande vanleg liv. Bortsett frå at ho bur med mormora si heilt aleine i ei hytte langt inne på fjellet, at ho trener kampsport halve natta og at ho snakkar med ville dyr.

Mens bygdefolket sover smyger Ninjana seg rundt i fjellheimen iført superhelt-drakta si, nemleg setesdalsstakken.

Ho kjemper mot hyttetjuvar ved hjelp av skarpe søljer og beltespenner. No står Ninjana overfor sin verste frykt.



Eit enormt snøskred truer med å øydelegge heile bygda. Kan Ninjana stoppe det?



Karin Moe Hennie har skrive boka Ninjana – det store skredet, og i haust kjem oppfølgjaren Ninjana – den savnede turisten.

Kom og høyr forfattaren fortelje om prosessen frå idé til bok. Ho fortel også om bunaden frå Setesdal og les høgt frå boka. Barna aktiviserast gjennom heile besøket.

Avslutningsvis blir det ein «ninjacamp» der ein kan prøve forskjellige ninjatriks:

- 1) Bunadskokast på hermetikkbokstårn
- 2) Lassokast på reinsdyrgevir
- 3) Ninjaspark på bunadspiñata



Passar for barn i barneskulealder (1.-7.), gjerne saman med foreldre. Vi setter opp to framsyningar, kl. 12 og kl. 14.

Gratis inngang! Pga. begrensa antal billetter oppmodar vi til å skaffe gratisbillett på førehand. Det kan du gjere på Hovden grendehus eller ebillett.no.

Arr: Bykle folkebibliotek og The Village

(foto: Sigve Mathisen)

## Boksirke

Vi møtast måndag 16.november kl. 19 på biblioteket på Hovden grendehus. Månadens bok er I dag jeg, i morgon du av Kjersti Skomsvold. Biblioteket kan skaffe boka til alle som vil vere med.

Velkommen nye og gamle medlem

### Kontaktinfo biblioteket:

E-post: [biblioteket@bykle.kommune.no](mailto:biblioteket@bykle.kommune.no)

Tel. Hovden: 379 38 693

Tel. Bykle: 379 38 694

Eller kontakt oss på Facebook.

# SHADOW

## BYKLE-HOVDEN FRITIDSKLUBB

JR. KLUBB (5. - 7. TRINN) 17:30 - 20:00  
BYKLE ONS 04.11 / HOVDEN ONS 18.11

KLUBB (8. - 12. TRINN) 19:00 - 22:00  
BYKLE FRE 06.11 / HOVDEN FRE 20.11

VENNLEG HELSING IDA OLSEN-SUND, FAGLEIAR UNGDOM OG KULTUR M: 95823738